

HYRDINGEN

Nr. 5

Desember 2024

ÅRGANG 66

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Nye prestar innsett i teneste

Sjå side 2 og 11.

Sigve H. Clementsen
og Eli Kolstad.

God Jul

Biskopen si julehelsing	s. 2	Ny messehakel til Vikebygd kyrkje	s. 5	Frå kyrkjeboka	s. 12–13
Ny, fast prest innsett i tenesta	s. 2	Gullkonfirmentar	s. 6	Gudstenestelista	s. 13
Redaksjonspennen	s. 3	Jubileum Ølen kyrkje	s. 8	Møte og kunngjeringa	s. 14–15
Min julesong	s. 3	Jubileum Skjold kyrkje	s. 10	Konfirmanddag på Brandøy	s. 16
Hausttakkefestar	s. 4	I samme båt	s. 11		
Supersong	s. 4	Eit barn er født	s. 11		



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Tlf. 908 73 170

E-post: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen

på konto: 3240.11.17937 og

Vipps-nr. 531472

Adr. Skjold kyrkje

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:

Kontortid etter avtale. Måndag er fridag.

Ølen og Bjoa

Vikarprest Sigfred Sørensen

Kontor: Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Tlf. 53 65 65 41 / 488 90 359

sigfred.sorensen@outlook.com

Skjold, Vats og Vikebygd

Prest Elisabeth Fausanger

Kontor: Skjold kyrkje, Kleivav. 2, 5574 Skjold

Tlf. 992 70 811

elisabeth.fauskanger@vindafjord.kommune.no

Vikedal, Sandeid og Imsland

Prest Eli Kolstad

Tlf. 909 97 717, ek675@kirken.no

Prostiprest Sigve H. Clementsen

Tlf. 957 52 858, sc833@kirken.no

Vikedal kyrkjekontor

Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal

Kateket

Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 452 21 580

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Kantor Solveig Meling Johannesen

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund

Prost Rune Steensnæs Engedal

Tlf. 52 80 95 00 / 918 34 019

Kyrkjevevja i Vindafjord:

post.kyrkja@vindafjord.kommune.no

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93 / Mob. 977 64 146

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka

Tlf. 53 65 57 96 / Mob. 917 95 875

Sokneråd, leiarar:

Skjold, Vats og Vikebygd:

Sunniva Tveit Gregersen

Ølen og Bjoa: Gunda Berge

Sandeid: Tore Tokheim

Vikedal: Anders Ledaal Bjørnstad

Imsland: Marita Kvitno Staurland

Biskopen si julehelsing

Anne Lise Ådnøy, Biskop i Stavanger bispedømme

Foto: Marie von Krogh / Stavanger bispedømme



Syng som aldri før!

Kva gjer julesongane med oss? Vakre ord om lys og glede, fryd og fred. Handlar dei om andre enn oss, i ei anna tid, ein annan stad?

Freden i verda har ikkje vore meir truga sidan Cubakrisa i 1962, melder BBC. Kan vi likevel syngja «Fred over jorden, menneske, fryd deg!»? (Salmeboka nr. 48) Svaret er JA! Vi ikkje berre kan, vi MÅ syngja og fryda oss og feira og aldri gje opp trua på at Gud har verda i si hand. Hans vilje er å skapa fred og rettferd og gje alle menneske glede og tilgjeving i trua på Jesus.

Juleevangeliet fortel oss at Gud ved å senda sin son til oss opnar ein ny veg for menneska til å leva sine liv i tillit og tru til Guds nåde, utan krav om høg moral eller plett-fri livsførsel.

Det er noko enkelt over evangeliet om Jesusbarnet. «Frå krubba til krossen gjekk vegen for deg, slik opna du porten til himlen for meg.» (Salmeboka nr. 56) Salmen fangar juleevangeliet – og kristen tru – i ei setning.

Har du ikkje ei salmebok? Ønsk deg ei til jull!

Vi går snart inn i jubileumsåret 2025. I over 900 år har vi sunge julesongar saman her i Rogaland. For heile 1700 år sidan vart trua på Jesus formulert slik i den nikenske truedkjenninga: «For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen». (Salmeboka s. 1144–1145). 800 år seinare blei Domkirka i Stavanger bygd til ære for Gud og glede for

menneske. Vi kan ikkje vurdera høgt nok kva den glade bodskapen om Jesus har betydd og fortsatt betyr.

Gleda Jesus gjev er ikkje ein motsetnad til ein mørk situasjon i verda eller til sorg. Den ber oss gjennom alt, særleg når vi syng saman.

Julesongane er til for å bli brukt midt i uroa, midt i sorgene. Vi kan syngja dei trass i alt som er mørkt, og på grunn av lyset Jesusbarnet brakte inn i verda. Dei set toner til håpet og held fast freden.

«Verden var aldri helt forlatt! En stjerne skinner i natt.» (Salmeboka nr. 68)



Foto: Alf-Einar Kvalavåg

Ny, fast prest innsett i tenesta

Tekst og foto: Steinar Skartland

Vi presenterte prestane i førre nummer av Hyrdingen og nå er begge innsett til teneste i kyrkjene våre. For Eli Kolstad vart det innsetjing i kvar av dei tre kyrkjene i Vikedal, Imsland og Sandeid. Søndag 29. september kunne prostiprest Sigve Clemetsen be for henne i Imsland kyrkje der soknerådsleiar Marita Kvitno Staurland las opp brevet frå biskopen, som m.a. skriv:

Redaksjons-PENNEN

Av redaktør Steinar Skartland

Kyrkjeleg har 2024 vore eit år med feiringar i Vindafjord. To nye prestar og ein kantor er innsett i tenestene. Skjold kyrkje feira 25 år og nyoppussa Ølen kyrkje 150 år. Samstundes har vi markert Kristenretten 1000 år og mange ungdommar har feira konfirmasjonen i kyrkjene. Vi har mykje å vera takknemlege for. Ikkje minst for alle dykk som står på i frivillig teneste i barne- og ungdomsarbeidet, diakoni, sokneråd og bedehus, og alle dyktige tilsette medarbeidarar.

Feiringane strekkjer seg lengre enn kyrkjene. I Ølensvåg har dei med stor innsats fått på plass eit nytt, stort og tenleg bedehus som samlar mange om Guds ord og lovsong. Skjold bedehus kunne markera 50 år og i Vats er aktiviteten for alle generasjonar stor og flott i nye Arken. På Brandøy samlast folk frå alle generasjonar om Guds ord og store ungdomsflokkar får si utdanning på Lundeneset VGS, i eit kristent miljø. Alt kan ikkje nemnast her.

Vi går snart inn i eit nytt år der Stavanger bispedømme, by og domkirke skal feira 900 år. Markeringane har alt teke til der ein kyrkjebåt har flytta seg mellom alle kommunar i Rogaland. Seglet har fått eit bumerke frå alle kyrkjesokna. Kyrkja er levande og aktiv til stades i alle delar av bispedømmet. Men nå skal vi markera advent, Kristusmesse (jul) og nytt år. Til dykk alle:

Gledeleg jull!

Min julesong

Omtale ved Ingfrid Byrkja Hystad

Ettersom dette blir ein del av førjulsutgåva vil eg gjerne dele min julesong. Der er så veldig mange fine å velgje mellom, men denne står seg alltid som ein av dei aller finaste.

“Det lyser i stille grender”, skriven av ein ung Jakob Sande ein varm sommardag for snart hundre år sidan. Diktet var først utgitt under tittelen “Julekveld”. Sande var ein omdiskutert diktar og heldt ikkje sjølv dette diktet sær høgt, men det har stadig blitt meir kjent og verdsett. Lars Søråas d.y. skreiv ein einaste melodi i livet - tonen til “Det lyser i stille grender”, og med dette var ein kjær julesong blitt til.

Og kva er det med denne songen som gjer han så fin og god? For meg er det nok samansett; ein vakker og fredeleg melodi som òg er fin å synge med stemmer og harmoni. Ein enkel, men direkte og innhaldsrik tekst som famnar om heile juleevangeliet, og som òg tek med at dette skjedde under fattige og enkle kår. Ei skildring av ro, lys, barn og framtidshåp.

Det at songen er på god nynorsk - og heller ikkje er omskriven - gjer den heilt spesiell.

Den blir òg brukt med berre fire vers, men for meg er det viktig å ha med det siste verset som på ein måte fullfører songen og innhaldet.



Ingfrid Byrkja Hystad frå Skjold. Bur i Skjold med kjekk mann og har tre vaksne born. Arbeider som sjukepleiar ved Vindafjord-tunet i Vats, og har ei aktiv fritid.

Eg kjenner alltid at denne songen gir den rette stemninga og roen som eg ynskjer skal høyre jula til.

Det lyser i stille grender

Det lyser i stille grender
av tindrande ljøs i kveld,
og tusene barnehender
mot himmelen ljosa held.

Og glade med song dei helsar
sin broder i himmelhall,
som kom og vart heimsens Frelsar
som barn i ein vesal stall.

Der låg han med høy til pute
og gret på si ringe seng,
men englane song der ute
på Betlehems aude eng.

Der song dei for første gongen
ved natt over Davids by
den evige himmelsongen
som alltid er ung og ny.

Den songen som atter tonar
med jubel kvar julenatt
om barnet, Guds son, vår sonar
som døden for evig batt.

Sigve H. Clementsen kunne setja inn Eli Kolstad til teneneste i vakre Imsland kyrkje.



Haustattakkefestar i Sandeid - Vikedal - Imsland

Av Berit Stople

Mange av kyrkjelydane i Vindafjord hadde haustattakkefest i oktober der både 4-åringar og 5. klassingar fekk utdelt bøker. Kyrkjene var fint pynta i haustfargar og med markens grøde. Fleire plassar fekk kyrkjelyden høyre unge forsongarar og korsong.

I Vikedal, Imsland og Sandeid (VIS) inviterte me til korøvingar i forkant av haustattakkefesten. Me fekk med nokre få, men ivrige og flotte jenter. Milla Kaldheim frå Sandeid ville gjerne vere forsongar både i Imsland og

Sandeid kyrkje. Så dei som var så heldige og fekk bli med på desse haustattakkefestane fekk høyre nydelige framføringar av korsong og solosong.

På laurdagen før haustattakkefesten fekk 4-åringar i Vikedal og Sandeid og 2-5-åringar i Imsland kome og bli meir kjent i kyrkja si. Dette gjorde dei meir trygge før dei skulle delta dagen etterpå i prosesjon inn i kyrkja og seinere i gudstenesta med songen «Takk min Gud for at eg er til». Etterpå fekk 4-åringane utdelt kvar si bok «Bibelen for barn». 5. klassingane fekk

utdelt boka «Tidslinja». Den skal dei få bli meir kjent med om dei vil bli med på ein spennande 5. klasseleir til vinteren.

I VIS-kyrkjene leia den nye presten vår, Eli Kolstad, stødig an og organisten vår, Solveig Meling Johannessen, spelte i tillegg til allsongen både til solist- og korsongen. Me fekk sjå born bli døypte og mange folk som var fint pynta til fest. Eg, trusopplærar Berit Stople, fekk vere med i leiinga og blir alltid så glad av å sjå ungar i alle aldrar som er med og pyntar kyrkja med lys og song og glede!



Milla Kaldheim + 4-åringane.



Korøving i Vikedal kyrkje.



Forsongar Milla Kaldheim.



Songarar i Imsland kyrkje.



Koret opptre i Vikedal kyrkje.

Supersong



Tekst og bilete: Berit Stople m.fl.

Supre ungar, 3-5 år, og vaksne leikar seg på bedehuset i Sandeid med samlingane me kallar Supersong nå i haust. Der syng me i lag alle saman. Blant anna så leikar me oss med instrument, syng mens me vandrar i ring, hoppar og dansar, leitar etter kosedyr og lager bølger med det blå stoff-havet. På slutten av songstunda får ungane sitje i fanget til den vaksne dei har med seg og slappe av og ha nærleik, på same måte som me får tru at Jesus er nær oss og vil at me skal ha det godt. Før me går heim blir det servert kveldsmat. Det er ikkje alltid lett for ungane å bryte opp etter Supersong. Dei må vere i leiken så lenge dei kan.



Sigfred Sørensen i ny messehakel saman med tekstilkunstnar Else Marie Lunde. (Foto: S.Skartland)

Ny messehakel til Vikebygd kyrkje

Av Ingrid Mathilde Sørvåg

På haustattakkefest-gudstenesta søndag 27. oktober blei kyrkjelyden presentert for den nye messehakelen, som tekstilkunstnar Else Marie Lunde har designa og laga i ein teknikk som heiter nunofilting.

Messehakelen er eit liturgisk plagg som presten har på under nattverdfeiring og på høgtidsdagar, den kan også brukast i prosesjon og ved konfirmasjon. Kyrkja har allereie ein raud messehakel, eit vakkert plagg som antakeleg er frå då kyrkja var ny i 1937. Denne var etter kvart blitt ganske slitt, og me ville gjerne ha ein ny. Raudt er fargen for Anden og kyrkja, blod, eld og martyrium. Den raude messehakelen kan brukast i pinsen, og andre juledag, olsok og aposteldagen.

Den nye messehakelen i Vikebygd kyrkje er grøn, og både fargar og symbol er nøye avstemt for å passa inn i kyrkjerommet. På ryggen ser



Symbol frå kyrkjerommet er nytta.

me eit kors og stråler ut frå korset. Dei same strålane finn me i koret i kyrkjerommet, og kor mange kors som er inne i kyrkja trur eg ingen veit svaret på.

På framsida ser me eit hjarte, symbol på Guds kjærleik, og eit kornaks som symboliserer vekst. Hjarte ser me i lysekronene, lampettar og på lysgloben. Grønt er liturgisk farge i openberringstida og i treeinigheitstida, og står for vekst og livskraft.

Det har vore spennande å følgja prosessen med å få laga ein messehakel, me starta arbeidet sommaren 2022 og no i haust blei den ferdig. Undervegs har det blitt laga skisser, me har sett på fargeprøver og alt er handarbeid.

Korleis kan ein liten kyrkjelyd klara eit så stort løft som det er å skaffa ein ny messehakel? Me er svært takksame for at me har fått hjelp frå Bakkevikfondet, pengar gjevne av ekteparet Liv og Thomas Bakkevik.

Gullkonfirmantar



Gullkonfirmantar frå Bjoa, Ølensvåg og Ølen.

Prest Sigfred Sørensen og Vigleik Brekke. Bak fra venstre: Reidar Vågen, Berit Tangjerd, Ståle Åsbø, Roald Veim, Per Håkon Berge, Rita Leite, Per Frønsdal, Sonja Sælevik, Reidun Sæbø. Framme fra venstre: Geir Rønningen, Tørres Eide, Solfrid Nonslid, Knut Hauge, Hilmar Steinsland, Bjørn Inge Haugland, Elisabeth Christiansen, Odd Inge Hvidsten, Marit Svantesvoll. Foto: Gunda Berge.

Gullkonfirmantar i Vats

Framme fra venstre: Berit Helle Jentoft, Oddny Mjølhus Voll, Berit Duesund Haugland, Solfrid Duesund Hustoft, Anne Kristin Hafstad, Solfrid Marie Krakk Lilledal. Andre rekke: Gunn Sjurseike Dale, Astrid Haraldseid, Oddrun Vatne Skogland, Torhild Marie Nordtveit. Bakerst: Sigmund Amdal, Karl Stokland, Arne Sakarias Tveit, Lars Landa, Svein Arne Kvamen. Desse var ikkje med på jubileumet: Per Ove Søndena, Ansgar Frøland og Kåre Landa. Foto: Lars Landa.



Sandeid

Kristin Årak Grønstad, Solfrid Torfrid Klungtveit (Årak), Grete Skeie Sørhus, Rita Steinnes Skeie, Gunn Marit Owe (Hauge), Ragnfrid Nådland (Alvseike), Elin Lundsær (Fatland), Bjørn Ståle Lærdal, Per-Gaute Østbø, Bjørn Nærland Mannsåker, Thor-Olav Helgevold, Ellen Karin Stople og Leiv Magne Helgevold. Foto: Steinar Sørhus.



Gullkonfirmantar Skjold kyrkje 1 rekke frå venstre: Wenche (Mortveit) Haraldseid , Berit Ninni Fjeldheim , Ingrid (Jacobsen) Urrang , soknepresten. Bjørg Lilland, Kari Mortveit, Aslaug Irene Alendal Skjold. 2. rekke frå venstre: Torbjørg (Langeland) Skrunes, Marit Haraldseid , Arne Grunnaleite , Alf Henry Meland ,Einar Fjeldheim , Odd Erling Egge, Odd Arne Haraldseid , Osmund Moldesæter. Me har her stilt oss opp på same plassane som på fotografiet for 50 år sidan. Norunn Jordbrekk er død. Foto: Fjeldheim



Vikedal

Bak rekke fra venstre: Asbjørn Høyland, Svein Krokedal, Gunnar Gjerde, Billy Grimås, Brit Opsal. Andre rekke fra venstre: Liv Rønninghaug Ræstad, Kjersti Søyland, Helene Krokedal. Fremste rekke fra venstre: Anne-Bjørg Bakke, Wenche Furdal, Ruth Bakkedal, Ole Sigve Leifsen, Mai Venke Lilleland. Foto: Kjell S. Bakke.



Gullkonfirmantar i Vikebygd

Bak f.v.: Grethe Rothman Christensen (Rødde), Judith Tove Andersen (Dommersnes), Reidun Hølland (Børtveit), Unni Hansen (Bjørnevik). Framme f.v.: Ingrid Mathilde Sørvåg, (Aadland) Britt May Løtvedt (Stene), Elin Rødde Gausvik, Reidun Aardal (Årvik), Sølvi Barane Hage, Øyvind Nagel Alne, Åse Nagel Alne. Rolf Bjørgen var på jobbreise, og kunne ikkje møta. Det blei tent lys for dei to som har gått bort: Berit Alise Skartland og Jan Asbjørn Bjørnevik.

Ingrid fortel: – Me blei konfirmerte 12. mai 1974, presten var Bjarne Edvin Landro. Me trur me var fyrste kull som hadde samtalegudsteneste ein kveld i veka før konfirmasjonsdagen og som slapp spørsmål på sundagen. Foto: Steinar Skartland.



Nyrestaurert kyrkje i lyse og klåre fargar. Preikestolen er flytta og fargane både på den og søylene er restaurerte av Unni Marie Lien. Foto: Unni Marie Lien.



Svein Tindberg fylte kyrkja søndagskvelden til ei levande framføring av bibeltekstar og korleis han hadde jobba med dei. Foto Harald Helberg.

150 år med Ølen kyrkje

Tekst: Harald Helberg. Foto: Unni Marie Lien, Steinar Skartland og Harald Helberg.

20. november 1874 vart den då nybygde kyrkja i Ølen innvia. Etter fleire år med planlegging og månadar med oppussing har Ølen og Bjoa sokn feira kyrkja sitt 150-årsjubileum. Jubileumsveka fann stad 3.–10. november og programmet var innhaldsrikt.

Ølen og Bjoa sokneråd for perioden 2019-23 utnemnde trioen Lars Dalen, Unni Marie Lien og Dag Olav Berge til oppdraget med å vurdere oppussingsbehovet til kyrkja og kva som kunne bli gjort. Dei gjekk gjennom rom for rom og lagde ei skisse over kva som kunne bli gjort. Fargeval var det rosemalar Unni Marie Lien som la fram forslag om. Inspirasjon fann ho då ho såg fargen på nokre gamle dører i kyrkja. På eit soknerådsmøte la ho fram forslaget om å gå tilbake til røtene med fargevalet. Etter å ha sett framlegget og ulike nyansar av fargen, vedtok soknerådet å gå for okergule vegger i kyrkja. I ein e-post skriv Lien til Hyrdingen at fargane i kyrkja har sitt utspring frå altertavla, og at det er ein raud tråd i fargane frå

våpenhuset og fram til altertavla.

Oppussinga

I starten av 2024 byrja arbeidet med oppussinga for fullt. I jubileumsgudstenesta fortalde leiaren av noverande sokneråd, Gunda Berge, om korleis dette vart utført. Eit målarfirma hadde ansvaret for å måle vegger og tak. Resten av oppussinga blei utført på dugnad. Bjørn Asgeir Lunde, som òg er med i soknerådet, vart trekt fram om ein uunnverleg ressurs i dugnadsarbeidet. Han koordinerte oppgåvene mellom dugnadsfolket, og sto for tallause timars arbeid sjølv.

Jubileumsveka

Søndag 3. november var det allehelgens-gudsteneste på føremiddagen. På kveldstid var det duka for monologen «Som skrevet står» ved Svein Tindberg. Med ein svart krakk og eit tent lys framfor alterringen levte han ei forestilling som vart særst godt motteken av publikum. I innleiinga si kom han med rosande ord om kyrkja, og sa at han gjerne ville ha kome hit på julegudsteneste.

I jubileumsveka har kulturopplevingane kome som perler på ei snor. Kyrkjelyden har fått oppleve konsert ved Nils Økland og Sigbjørn Apeland, torsdagstreff på Kyrkjernet med forfattar Anders Haugland som fortalte frå boka si om Ølen kyrkje. Dette vart etterfølgt av ein historisk aften med tilbakeblikk på kyrkjarahistoria. På laurdagskvelden varta Prosjektoret opp med fengande gospel, lovsong og salmar i kyrkja.

Søndag 10. november kl. 11 ringde kyrkjeklokka inn til den høgtidelege jubileumsgudstenesta. Kantor Solveig Meling Johannesen spelte orgel og piano, og hadde med seg Thomas Alvseike på saksofon. Under salmane bidrog forsongarane. Ikkje minst bidrog også Vindafjord Soul Kids og Soul Children med fleire flotte songar. Dei song i kor framfor altertavla under kyndig leiing av Gunnhild Marie Osaland.

For anledninga hadde vikarprest Sigfred Sørensen tatt på seg svart prestekjole og pipekrage, slik pre-



Tysdag fekk vi vera med Nils Økland og Sigbjørn Apeland inn i eit klangunivers med trøorgel, feler og ein viola d'amore med sine 12 strenger. Trøorgelet klarer å følgja dei varierende og levande tonane saman med felene. Foto S. Skartland.



I veksling mellom Anders Haugland sine tekstar frå jubileumsboka og skodespel, levandegjorde Bjørn Arve Lunde og Johanne Øvstebø Tvedten korleis folket levde og hadde sitt forhold til prestar og kyrkja i eldre tid. Guri og Kjell Ravatn delte kveldsbøner og lokale songar denne kvelden. Foto S. Skartland.



Biskop Anne Lise Ådnøy tala frå den nyoppussa preikestolen. Foto S. Skartland.



Dugnadsansvarleg Bjørn-Asgeir Lunde koordinerte oppgåvene mellom dugnadsfolket, og sto sjølv for tallause dugnadstimar. I jubileumsveka sytte han for god lyd i kyrkja. Foto S. Skartland.

stane brukte fram til 1980. Her var det duka for eit særst rikt innhald med talar og korsong, i tillegg til alt det som vanlegvis går føre seg i ei gudsteneste. Biskop Anne Lise Ådnøy og prost Rune Steensnæs Engedal var med, og det same var ordførar Ole Johan Vierdal. Biskopen heldt preika i gudstenesta. Ho gratulerte kyrkjelyden med ei nyoppussa kyrkje, og løfta fram viktigheita av samhald og fellesskap i ei uroleg tid. Eit anna innslag i gudstenesta var då vikarprestane Sigfred Sørensen, Magnhild H. Helberg og kateket Britt Karstensen hadde eit tilbakeblikk på kyrkja si historie. Til slutt såg dei framover. Helberg poengterte at ein ikkje kan vite korleis samfunnsmessige og religiøse forhold vil vera om 150 år. Det vi veit, sa ho, er at vi har ei levande folkekyrkje i dag og at vi kan glede oss over det.



Høgdepunktet var jubileumsgudstenesta 10.nov. med barnekor og ei forsongargruppe til orgelmusikk av Solveig Meling Johannesen. I gudstenesta deltok m.a. leiar i fellesrådet Steinar Sørhus, prest Sigfred Sørensen, prost Rune S. Engedal, biskop Anne Lise Ådnøy, prest Magnhild H. Helberg, kateket Britt Karstensen og ordførar Ole Johan Vierdal. Foto S. Skartland.

Skjold kyrkje 25-års jubileum

Av Karianne Dagsland.
Foto: Jens Magnar Tveit.

Fredag 18. oktober var det jubileumsfest i kyrkja. Mange nytta høvet til å kjøpe middag i kyrkja denne dagen, og det vart servert god lapskaus, kaker og kaffi. Heile dagen var det mogleg å sjå bilete, film og avisutklipp frå byggeperioden, og dersom ein leita godt etter informasjon i utstillinga kunne ein svare på quizen.

På kvelden var det jubileumsfest med mimring frå planlegginga og bygginga av kyrkja. Berit Listog leia oss fint gjennom både bygdesjau, dugnadsånd og eit blick på tida framover.

Det var fleire musikkinnslag i løpet av kvelden. Mellom anna song Yngvild Tveit og Serine Tveit to flotte songar, med Ingrid Tveit og Arne Tveit på tangentar. Kantor Solveig M. Johannessen spelte eit klassisk stykke på orgel, og song også ei velsigning saman med Ellen Marie Andersen og Per Egil Meling.

Det er ikkje til å kome utanom at det var noko usemje og sjau i Skjold då ein skulle bestemme kva kyrkje ein skulle bygge og kvar den skulle ligge. Berit

og Norleif Fjeldheim mimra litt frå dette. Det vert med fleire anledningar vist til eit sterkt engasjement i Skjold, og då bygginga starta vart ueinigheita lagt til side og alle var med på dugnad.

Representantar frå byggekomiteen ved byggeleiar Svein Ove Vik, Gunnar Listog og sokneprest frå perioden, Trond Vatne mimra rundt planleggings- og byggingstida.

Den store dugnadsanda i bygda vart drege fram, og det var ikkje vanskeleg å få folk til å stille på dugnad, anten det var matlaging, riving, bygging, høgtrykkspyling av skifer, trilling av sement eller anna arbeid. Representantar frå dugnadskomiteen var Gunnar Listog, Liv Svendsen og Endre Stople. Dei hadde mange koselege minne og historier frå byggeperioden.

Per Odd Aarestad som har laga utsmykkinga i kyrkja var også komen til festen. Han fortalte litt om tankane rundt utsmykkinga, og om alterskapet som er forma som eit rektangel som eit symbol på verda. Sirkelen både i alterskapet og i glasmåleriet over er eit symbol på æva.

Under ein kort pause var det tid for jubileumskake, kaffi og litt drøs.

Det var fleire som ynskja å gi ei helsing til kyrkja, og fyrst ut var ordførar Ole Johan Vierdal med helsing og gåve frå kommunen. Deretter Signy Rønnevik som var ordførar under planlegginga og bygginga av kyrkja. Sigbjørn Mortveit overrekte på vegne av Skjold KFUK -KFUM speidar ei stor pengegåve til soknerådsleiar Sunniva Tveit Gregersen. Inghart Lasse Tveit delte nokre minne frå prosessen, og viste til all aktivitet og bruk av bygget no.

Sunniva Tveit Gregersen og Karianne Dagsland frå soknerådet, og Brit Nelly Tveit frå bispedømmerådet delte tankar om tida framover. Soknerådet er heilt avhengig av frivillige som ynskjer å vere med å skape liv i kyrkja. Brit Nelly viste til ein krevjande økonomi for kyrkja i Noreg, me må tenke nytt om struktur og utnytting av ressursar. Soknerådet ynskjer å jobbe framtidsretta, og å tenke klokt ut i frå dei nye føresetnadane. Viktige fokusområde er eit mangfald i gudstenestelivet, med plass til alle, samt at Skjold kyrkje skal vere full av lys og liv i dagane mellom gudstenestene.

Til slutt leia Trond Vatne oss i ei kveldsavslutting.



Berit Listog med byggekomiteen: Trond Vatne, Svein Ove Vik og Gunnar Listog.



Song av Serine Tveit og Yngvild Tveit.



Tidlegare ordførar Signy Rønnevik.



Gåve frå kommunen: Ordførar Ole Johan Vierdal og Sunniva Tveit Gregersen.



Dugnadskomiteen: Liv Svendsen, Gunnar Listog, og Endre Stople.

I samme båt

Av Ingrid M. Sørvåg Foto: Gunnar Listog

6.–8. september markerte kyrkjene i Vindafjord at Stavanger bispedømme feirar 900 års jubileum. Då kom kyrkjebåten til Skjold kyrkje.

Det var mange ulike og spennande aktivitetar, leik, song, mat og undring rundt den 5 meter lange båten som sto inne i kyrkja, både fredag, laurdag og sundag. Det heile blei avslutta med ei flott felles gudsteneste for alle sokna i kommunen sundag 8.september, samtidig blei det markert at Skjold kyrkje feirar 25-års jubileum. Det blei i grunnen eit skikkeleg kinderegg, med tre gode ting i eit, for sundagen var det også innsetjing av Elisabeth Fauskanger som ny prest i Skjold, Vats og Vikebygd.

Stavanger bispedømme feirar 900 år i 2025. I forkant skal dette markerast med ein stafett rundt til alle kommunane i Rogaland med ein båt som stafettpinne.



Preika handla mellom anna om då Jesus stilte stormen, og nokre born pluss Sigfred Sørensen dramatiserte forteljinga for oss.



Forbøn for Elisabeth Fauskanger.

Båten skal vere eit symbol på at me høyrer saman som kyrkje. Markeringa kallast "I SAMME BÅT". Det er ein fem meter lang båt, og på seglet skal det etter kvart komma eit segl frå kvart av dei 90 sokna i Stavanger bispedømme. Pinsehelga 2025 skal kyrkjebåten vera på plass i Stavanger domkyrkje.

Eit barn er født

Tekst Ingrid Mathilde Sørvåg,
Teikningar: Born på Vik skule.

Redaksjonen har bede elevane på Vik skule om å hjelpa oss med teikningar til Hyrdingen. Dei tok utfordringa på strak arm, og sat i oktober og teikna barnet som blei fødd i ein stall i Betlehem. Det blei mange fine teikningar, og me skulle gjerne hatt plass til fleire i bladet.

Alle dei flotte teikningane blir stilte ut i Vikebygd kyrkje, frå 30. november og ut året, slik at mange får sett teikningane på julekonsert eller når me møtest til gudsteneste.

Sjå fleire teikningar på s. 14 og s. 16.



Egil 5. klasse



GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Vi er en del av  **NLMVGS**



Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76



Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



SpareBank 1
SR-BANK



Haugesund Sparebank

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no





Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - joker.vikebygd@joker.no



Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www olenbetong.no



Ølen auto



tsrevisjon

Karmsundsgata 4 – 4250 Kopervik



GRANBERG GARVERI

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Dato	Stad/kyrkje	Tid	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
01/12	Bjoa kyrkje	11:00	Familiegudsteneste. Bok til 4-åringar og til 5. klassingar. Offer til Brandøy	Matt 21,10-17
01/12	Sandeid kyrkje	11:00	Familiegudsteneste 1. sundag i advent	Matt 21,10-17
01/12	Vikebygd kyrkje	17:00	Lysmesse Konfirmantar og speidarar. Takkoffer til KFUM/K speidarar	Matt 21,10-17
01/12	Vats kyrkje	19:00	Lysmesse Konfirmantar og speidarar. Takkoffer til KFUM/K speidarar	Matt 21,10-17
08/12	Skjold kyrkje	17:00	Lysmesse Konfirmantar og speidarar. Takkoffer til KFUM/K speidarar	Joh 16,21-24
08/12	Imsland kyrkje	18:00	Lysmesse. Takkoffer til Konfirmantarbeidet	Joh 16,21-24
08/12	Ølen kyrkje	19:00	Lysmesse med konfirmantar. Takkoffer til Trusopplæringa	Joh 16,21-24
15/12	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet	Joh 5,31-36
24/12	Vikebygd kyrkje	13:00	Familiegudsteneste. Takkoffer til Misjonsprosjektet	Luk 2,1-20
24/12	Imsland kyrkje	13:00	Familiegudsteneste Julaftan. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
24/12	Bjoa kyrkje	14:00	Familiegudsteneste Julaftan. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
24/12	Skjold kyrkje	14:30	Familiegudsteneste Julaftan. Skjold musikkorps. Takkoffer til Misjonsprosjektet	Luk 2,1-20
24/12	Vikedal kyrkje	14:30	Familiegudsteneste Julaftan. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
24/12	Sandeid kyrkje	16:00	Familiegudsteneste Julaftan. Takkoffer	Luk 2,1-20
24/12	Vats kyrkje	16:00	Familiegudsteneste Julaftan. Takkoffer til Misjonsprosjektet	Luk 2,1-20
24/12	Ølen kyrkje	16:30	Familiegudsteneste Julaftan. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp	Luk 2,1-20
25/12	Ølen kyrkje	12:00	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap	Joh 1,1-14
25/12	Vats kyrkje	12:00	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Stefanus-alliansen	Joh 1,1-14
05/01	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 12,42-47
05/01	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 12,42-47
05/01	Imsland kyrkje	13:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 12,42-47
12/01	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 1,29-34
12/01	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 1,29-34
12/01	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 1,29-34
19/01	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 1,15-18
26/01	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Luk 13,10-17
02/02	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 5,1-15
02/02	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 5,1-15
02/02	Bjoa kyrkje	13:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 5,1-15
02/02	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Joh 5,1-15
16/02	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste. Misjons gudsteneste NMS. Takkoffer	Matt 13,24-30
16/02	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Matt 13,24-30
16/02	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste. Takkoffer	Matt 13,24-30
16/02	Imsland kyrkje	13:00	Gudsteneste. Takkoffer	Matt 13,24-30

FRÅ KYRKJEBOKA

BJOA

Gravlagt:
30.08.24 Bjarne Steinsland f. 1944
04.10.24 Borghild Eikeland f. 1924
29.10.24 Rasmus Eikås f. 1942

ØLEN

Døyppte:
11.08.24 Daniel Peter Todorov Medhaug
03.11.24 Marie Steinstø Madsen

Gravlagt:
27.08.24 Trygve Heggebø f. 1943
28.08.24 Gunnlaug Vannes f. 1931
13.09.24 Ruth Andersen f. 1922
25.10.24 Knut Egil Berge f. 1949

SANDEID

Døyppte:
27.10.24 Hennie Klungland Helgevold
03.11.24 Amalie Berge Kaldheim

Gravlagt:
23.08.24 Kåre Lars Vormestrand f. 1941
11.10.24 Gurine Konstanse Viland f. 1939
18.10.24 Odd Larsen f. 1942

VIKEDAL

Døyppte:
20.10.24 Ester Skipevåg Lillemo
Gravlagt:
23.04.24 Henning Erik Guldhav f.1936

IMSLAND

Vigde:
29.06.24 Elisabeth Evertsen Rygh & Mathias Birkeland Rygh

SKJOLD

Døyppte:
08.09.24 Emilie Grunnaleite
08.09.24 Nikolai Strand
15.09.24 Frøya Nonslid Beyer
15.09.24 Thea Håvardsen Nes
20.10.24 Filip Kvinnesland-Frøyland
20.10.24 Eli Nordtveit
06.10.24 Johanne Sætre Kvinnesland

Gravlagt:
16.05.24 Astrid Mortveit f.1928
25.07.24 Astrid Margrethe Schei f.1933

VATS

Døyppte:
20.10.24 Henrik Sirnes Velde
20.10.24 Sara Fuglestein Landa
20.10.24 Tom William Wollertsen Kleppe
Gravlagt:
26.04.24 Berta Dagsland f.1924
31.05.24 Sverre Arnolf Duesund f.1936
25.06.24 Olav Velde f.1949

VIKEBYGD

Døyppte:
29.09.24 Emil Vårvik
Gravlagt:
09.08.24 Karl Tindeland . 1937
18.10.24 Einar Larsen f. 1943
25.10.24 Oddmund Tjoflot f. 1944
08.11.24 Aud Marit Siglen f. 1937

Vågen bedehus

vaagenbedehus.no

29.11.	fredag	19.30	Kveldssamling Talar: Aud Karin Kjølvik
30.11.	lørdag	19.30	Kveldssamling Talar: Aud Karin Kjølvik
01.12.	søndag	11.00	Storsamling m.Awana Søndagsskule. Talar:Aud Karin Kjølvik
04.12.	onsdag	19.30	Bønнемøte
04.12.	onsdag	20.00	Bibeltime Talar: Preben Solvang
08.12.	søndag	19.30	Kveldssamling med nattverd Talar: Simen Løge
11.12.	tirsdag	19.30	Bønнемøte
15.12.	søndag	11.00	Storsamling m.Awana Søndagsskule. Talar:Preben Solvang
24.12.	tirsdag	15.00	Høgtidssamling (julaften) Talar: Kristoffer Ivesdal
08.01.	onsdag	19.30	Bønнемøte
12.01.	søndag	11.00	Storsamling m.Awana Søndagsskule. Talar:Kristian Landro
15.–19.01	ons.–sønd.		Møteveke, Misjonssambandet
22.01.	onsdag	19.30	Bønнемøte
26.01.	søndag	11.00	Storsamling m.Awana søndagsskule. Talar:Alexis Lundh
29.01.	onsdag	19.30	Bønнемøte
05.02.	onsdag	19.30	Bønнемøte
07.02.	fredag	19.30	Bibelhelg Talar: Ingvald Andre Kårbø
08.02.	lørdag	19.30	Bibelhelg Talar: Ingvald Andre Kårbø
09.02.	søndag	11.00	Storsamling m.Awana søndagsskule. Talar:Ingvald Andre Kårbø

ARKEN bedehus i Vats

Sjå kalenderen på: www.arken-vats.no

28.11.	torsdag	19.00	Bønнемøte
29.11.	fredag	19.30	Feedback
30.11.	lørdag	18.00	Godt vaksne
01.12.	søndag	19.00	Når me kjem saman
02.12.	mandag	19.30	Mannskoret
04.12.	onsdag	19.00	Møte med DISM
06.12.	fredag	19.30	Feedback
07.12.	lørdag	19.00	Løftet
08.12.	søndag	17.00	Konsert med KORE' Vindafjord. Kafè før/etter konserten
11.12.	onsdag	19.00	Møte med Flymisjonen
12.12.	torsdag	19.00	Bønнемøte
13.12.	fredag	19.30	Feedback julebord
03.01.	fredag	19.30	Feedback m/Arthur Robertsen og Hans Martin Skagestad
04.01.	lørdag	19.00	Møte med Arthur Robertsen og Hans Martin Skagestad
05.01.	søndag	19.00	Møte med Arthur Robertsen og Hans Martin Skagestad
08.01.	onsdag	19.00	Hellige tre kongers fest, NMS
09.01.	torsdag	19.00	Bønнемøte
11.01.	lørdag	19.00	Løftet
15.01.	onsdag	19.00	Møte med DISM
19.01.	søndag		Lovsangkveld på Arken
21.01.	tirsdag	19.00	Foreldremøte/Årsmøte speidaren
23.01.	torsdag	19.00	Bønнемøte
28.01.	tirsdag	18.00	Speidar
29.01.	onsdag	19.00	Møte med Normisjon
01.02.	lørdag	12.00	Minikonsert med Eirik Reinsnos
02.02.	søndag	19.00	Når me kjem saman
08.02.	lørdag	19.00	Løftet
11.02.	tirsdag	18.00	Speidar
12.02.	onsdag	19.00	Møte med NLM
13.02.	torsdag	19.00	Bygdekveld

Øvre Vats bedehus

26.11.	tirsdag	19.00	Møte: Lys over Land
27.11.	onsdag	19.00	Møte
28.11.	torsdag	19.00	Møte
01.12.	søndag	15.00	Møte
03.12.	tirsdag	11.00	Føremiddagstreff 2t.
07.01.	tirsdag	11.00	Føremiddagstreff 2t.
22.01.	onsdag	19.00	Normisjonsmøte
28.01.	tirsdag	19.00	Elieserbasar
04.02.	tirsdag	11.00	Føremiddagstreff 2t.
04.02.	tirsdag	19.00	Møte: Lys over Land
05.02.	onsdag	19.00	Møte
08.02.	lørdag	19.00	Møte
09.02.	søndag	19.00	Møte
19.02.	onsdag	19.00	Møte: Indre Sjø

Bedehusa i Skjold

26.11.	tyisdag	19.00	Ersland: Lys over Land
03.12.	tyisdag	19.00	Isvik: NLM Misjonssambandet
27.12.	fredag	18.00	Austrheim: Juletreffest
27.12.	fredag	18.00	Ersland: Juletreffest
14.01.	tyisdag	19.00	Ersland: Godt Nytt
21.01.	tyisdag	19.00	Austrheim: Israelsmisjonen
28.01.	tyisdag	19.00	Isvik: Normisjonen
04.02.	tyisdag	19.00	Ersland: NLM Misjonssambandet
11.02.	tyisdag	19.00	Isvik: Indre Sjømannsmisjon
18.02.	tyisdag	19.00	Isvik: NMS Misjonsselskapet



«Eit barn er født» s.11 forts.

Karina 3. klasse

Kyrkjetunet i Ølen

Sjå aktivitetar i kalenderen og meir informasjon på: www.kyrkjetunet.no

20.11.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 1
01.12.	søndag	19.30	Søndagsmøte med Roar Flacke (Normisjon)
04.12.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 2
07.12.	laurdag	19.00	ADVENTSSAMLING (NMS)
18.12.	onsdag	19.00	JULESANGKVELD
08.01.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 3
12.01.	søndag	17.00	NYTTÅRSFEST
22.01.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 4
05.02.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 5
19.02.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 6
05.03.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 7
19.03.	onsdag	19.00	Chosen 3 - samling 8
Vindafjord Soul Kids (5–10 år) har øvingar annakvar torsdag kl. 17:30			
Vindafjord Soul Children (5.–10. kl.) har øvingar annakvar torsdag kl. 18.30			
Bønнемøte kvar tirsdag kl. 19:30			




Julekonsert i Skjold kyrkje

Igjen blir den årvisse julekonserten i Skjold kyrkje søndag 15.desember. Her deltek tradisjonen tru eit eige julekor der alle i omegnen er velkomne å delta, om du har mykje eller lita tidlegare erfaring. Alle aldrar (frå 8.klasse og oppover). Øvingar på måndagane frå 11. november. Arr. Kulturutvalet i Skjold/ Vik/Vats sokneråd. Kontakt: Ingfrid Hystad.



Arthur Robertsen



Hans Martin Skagestad

Arken, Vats

Møtehelg på Arken 3.–5. januar.

Me får besøk av Arthur Robertsen som var sentral i «vekkelsen på Vigeland» og Hans Martin Skagestad, som reiser som for-kyner i inn og utland. Begge står sentralt i «vekkelsesmøte», så me er forventningsfulle til møtehelga. Møta på laurdag og søndag byrjar kl. 19.00. Fredag den 3. januar blir dei med på Feedback.

Vikebygd bedehus

04.12.	onsdag	19.30	Møte m/IMS og Marit H.Aadnanes
15.01.	onsdag	19.00	Mat og prat
29.01.	onsdag	19.30	Møte (sjå oppslag)
12.02.	onsdag	19.30	Møte/Gladsong (sjå oppslag)
26.02.	onsdag	19.30	Møte (sjå oppslag)



The CHOSEN 3 på Kyrkjetunet

Velkommen til ein ny sesong av The Chosen på Kyrkjetunet. The Chosen er ein publikumsfinansiert og publikumsrost tv-seriesatsing, om Jesu liv, frå et litt annleis perspektiv enn andre Jesusfilmar. The Chosen viser mellom anna kva ulike forutsetningar, personlegdom, yrker og bakgrunn disipline til Jesus har. Serien har tatt nokre kunstneriske grep, men likevel får vi eit godt innblikk i mykje av Jesus sitt liv saman med disipline.

Vi har tidlegare vist dei to første sesongane på Kyrkjetunet. Deltakarane har sett pris på både sjølve serien og opplegget. Det har vore eit felles ønske at dette må vi fortsette med! Vi startar kvar samling med kveldsmat før vi ser ein episode av The Chosen. Til slutt snakkar vi om det vi har sett i faste grupper. Velkommen til både deg som har vore med tidlegare og til deg som ikkje har vore med før. Første samling med The Chosen 3 blir onsdag 20. november på Kyrkjetunet i Ølen.

Påmelding til Jan-Børge Landro (SMS: 934 00 012 eller e-post: jblandro@gmail.com).



Leirar på Brandøy

Påmelding: indremisjonen.no

7.–9. mars: Juniorhelg, 4–9 år m/følgje.

14.–16. mars: Tweenweekend, 5.–7. klasse.

11.–15. april: Påskefestival, 8. klasse og eldre.

Vikebygd kyrkje

Laurdag 30.november kl. 12

Mini-julekonsert med Lina Fisk Eide, Amalie Fisk Eide og Jan Egil Breivik, i tillegg blir det opning av juletekning-utstilling.

Konfirmantdag på Brandøy 26. oktober

Tekst og foto: Elisabeth Fauskanger og Ester L. Åsheim.

Køen til registrering var lang då omlag 90 konfirmanter i Vindafjord møtte fram til konfirmantdag på Brandøy siste laurdagen i oktober. Saman med tilsette og frivillige medarbeidarar var dei samla til ein lang og innhaldsrik dag ilag.

Det blei ein dag der konfirmantane var saman både i undervisning med tema som til dømes bibel, bønn, boda og Jesus og i samtalegrupper med undring og refleksjon. Nokre av gruppeaktivitetane og undervisninga var utandørs. Då var det godt at me blei velsigna med mildt ver og berre nokre dropar på ettermiddagen.

Men ein konfirmantdag inneheldt og kø for å handla i kiosken, måltidsfellesskap og fritid. Brandøy stilte som alltid opp med gode måltid når svoltne tenåringer trengte meir energi. Og viss det er noko me opplever meir med ung-



Konfirmanter på Brandøy.



«Eit barn er født» s.11 forts.

Jens 2. klasse

domsgrupper enn andre grupper, så er det at dei er svoltne nesten heile tida. Både aktivitetshallen og peisestova var flittig i bruk i pausar og avbrekk, så mens nokre fekk opp pulsen valde andre å slappa av i sofaen.

Dagen vart avslutta med kveldsgudsteneste, der mange deltok i bøn, song, bønnevandring og nattverd.

Me vaksne merka at ungdomane blei betre kjend med kvarandre etter kvart som dagen gjekk. Dei prata saman på tvers av bygder og sokn. Nokre kjende kvarandre frå før og andre prata saman for første gong.

Når ein som vaksen får kikke litt på dette på avstand, så

hadde draumen sjølsagt vore å hatt ei heil helg saman. Knytt endå fleire nye vennskap. Skapt endå fleire minner. Gjeve dei endå fleire opplevingar som ein kan ta med seg vidare i livet. Denne gongen blei det ein dag. Ein dag av livet deira. Ein dag me vaksne fekk være med å leggje inn fortida deira. Og me håpar det har blitt lagt inn som eit -forhåpentlegvis, godt og innhaldsrikt minne.

Takk for ein flott dag med flotte ungdommar. Takk for flotte vaksne som engasjerte seg og gav av seg sjølve. Takk for rik velsigning som me alle fekk med oss frå denne dagen på Brandøy.

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent bele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Korleis har du det... EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS 22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 13. februar 2025.

Frist for levering av stoff er 6. januar.